



**Notat**

Dato: 13.10.2017

Arkivsak: 2015/943-65

Saksbehandlar: BEALIND1

---

Til: Kontrollutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

## **Svar frå fylkesrådmannen oppfølging av selskapskontroll i Hardanger AKS AS**

### **Bakgrunn for saka:**

**Selskapskontrollrapport av Hardanger AKS AS vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

### **Det går fram av punkt 9 i rapporten at Deloitte tilrår at Hordaland fylkeskommune set i verk**

#### **følgjande tiltak:**

1. Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
2. Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.
3. Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad
4. Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen

**Svar frå fylkesrådmannen:**

**Oppfølging av punkt 9 i rapporten frå Deloitte knytt til kva for tiltak Deloitte tilrår at fylkesrådmannen set i verk:**

1. Gjennom vedtak av eigarskapsmelding i 2017 vart det gjort avgjerd om at malar for eigen evaluering i styra, styreinstruks og mal for eigarstrategi vert utarbeidd for til bruk for alle selskap Hordaland fylkeskommune eig. Eigarskapsmeldinga klargjer og kva for dokument som følgjer eigarstyringa av selskapa med bakgrunn i aksjelovgivinga. Åleg plan og instruks for dagleg leiar ligg til styrets ansvarsområder og er omtala i aksjelova kap 6. I tillegg har Hordaland fylkeskommune vedteke å følgje KS sine tilrådingar for god eigarstyring og det er vedteke at vi i vår eigarstyring skal følgje prinsipp om god eigarstyring og selskapsleiing (corporate governance).

Vurdering av kompetanse i styret ligg under eigenevalueringa i styret.

Vi syner til vedteken eigarskapsmelding for tydeleggjering av det konkrete innhaldet for desse prinsippa og retningslinene.

Malar og tilrådingar for eigarstyringa er til handsaming i administrasjonen og vil vere ferdigstilt i desember 2017.

2. Tilrådinga vil verte følgt opp med utsending til alle selskap innan 15.12.2017 etter at nytt vedtak er gjort i fylkestinget.
3. Punktet vert vurdert i samband med ny eigarstrategi for selskapet innan 15.12.2017.
4. Administrasjonen har no ein gjennomgang av rutinane knytt til oppfølging av avtalen og rapporteringsrutinar. Attendum vert gjeld så snart gjennomgangen er avslutta og seinast innan 1.2.2018, om ikkje kontrollutvalet seier noko anna.

**Generelle kommentarar:**

Arbeidsmarknadsbedriftene er ein stor del av arbeidet med ny eigarstrategi og det er gjennomført møter med selskapa og den politiske arbeidsgruppa nedsett av fylkesutvalet. Det vil verte laga ein eigarstrategi for kvart selskap, og for Hardanger AKS AS vil det vere naturleg å sjå til eigarstrategien frå Kvam herad. For alle fem selskapa som fell i denne kategorien vil arbeidsgruppa legge fram ein heilskapleg og gjennomarbeidd innstilling til fylkesrådmannen.